

# Ot.prp. nr. 9

(2003–2004)

## Om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 17. oktober 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innhold i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og i lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn. Lovframlegget inneber at trudoms- og livssynssamfunn må sende inn oversikter over fødselsnummer for alle medlemmer dei søker om statleg eller kommunalt tilskot for.

### 2 Bakgrunn, gjeldande rett og forslag til endringar

Tilskot til trudoms- og livssynssamfunn skal sikre økonomisk lik behandling mellom Den norske kyrkja og andre trudoms- og livssynssamfunn. Tilskotsordninga har heimel i lov, jf. lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna, og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn. Det blir gitt tilskot pr. medlem. Tilskotet skal vera så stort at det etter måten svarar om lag til det som staten har budsjettert til Den norske kyrkja, og skal utrekna etter kor mange som hører til samfunnet. Alle trudoms- og livsynssamfunn som får statleg til-

skot, kan kvart år krevje tilsvarende tilskot frå kommunar der det bur nokon som hører til samfunnet. Dette tilskotet blir utrekna med grunnlag i dei budsjetterte utlegg kommunen har til Den norske kyrkja.

I St.prp. nr. 1 (2002–2003) heiter det:

«Fylkesmennene gjennomfører stikkprøvekontroller av medlemslister. Fylkesmannen i Oslo og Akershus har i den forbindelse opplyst at det er avdekket store uregelmessigheter ved kontroll av utvalgte medlemslister. Et betydelig antall medlemmer er dobbeltregistrert, både internt i trossamfunnet og eksternt i to eller flere trossamfunn.

.....  
Kultur- og kirkedepartementet tar sikte på å utarbeide slikt lovendringsforslag etter at Stortinget har ferdigbehandlet budsjettproposisjonen. Brønnøysundregistrene har gjennomført et forprosjekt i 2002, og det tas sikte på at omleggingen skal påbegynnes i 2003 etter at nødvendige lovendringer foreligger. Siktemålet med omleggingen er å sikre korrekt rapportering av antall medlemmer i tros- og livssynssamfunn som mottar offentlig tilskudd.»

I lov om trudomssamfunn og ymist anna § 7 heiter det: «Den som ikkje er norsk riksborgar og hel-

Om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn

ler ikkje har bustad i riket, vert ikkje rekna for å høyrer til norsk trudomssamfunn etter denne lov.» I medhald av § 8 kan ingen «etter denne lov samstundes høyrer til registerført trudomssamfunn og Den norske kyrkja, eller meir enn eit registerført trudomssamfunn.» Vidare heiter det i § 19a om uregistrerte trudomssamfunn: «Tilskot kan berre krevjast for medlemmer som ikkje samstundes høyrer til Den norske kyrkja, eller eit anna samfunn som får tilskot etter lova her eller etter lova om tilskott til livssynssamfunn.» I lov om tilskott til livssynssamfunn § 5 heiter det: «Tilskot kan berre krevjast for medlemmer som er norske riksborgarar eller som har bustad i riket, og som ikkje samstundes høyrer til Den norske kyrkja, eller eit anna samfunn som får tilskot etter lova her eller etter lov av 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna.»

Forskrift om trossamfunn fastset at trudoms-samfunnet skal gi opplysning om talet på medlemmer. Forskrift om tilskott til uregistrerte trudomssamfunn og forskrift om tilskott til livssynssamfunn fastset òg at søknad om statstilskot skal gi opplysningsar om talet på medlemmer med rett til tilskot; i første søknaden skal talet vere stadfest av advokat eller statsautorisert/registert revisor. Alle tre forskriftene fastset at kommunen kan be om å få medlemslister som gir opplysningar om namn, fødselsdato og bustad for dei medlemmene det blir kravt tilskot for.

I dag blir relativt mange medlemmer av trudoms- og livssynssamfunn ført opp med feil namn, eller namnet er skrivi på forskjellig vis i ulike register. For å kunne samanlikne opplysningar i fleire register er det derfor ein føresetnad at medlemmer i trudoms- og livssynssamfunn blir identifiserte med fødselsnummer.

For å få betre grunnlag for og kontroll med utrekning av tilskot til trudoms- og livssynssamfunn foreslår Kultur- og kyrkjedepartementet å krevje innsemt fødselsnummer for kvar enkelt medlem som utløyser statstilskot. Oversiktene skal sendast til fylkesmannen i det fylket der samfunnet har hovudsetet sitt. Det skal ikkje sendast inn opplysningar om namn på enkeltmedlemmer.

På grunnlag av innsende oversikter skal det kontrollerast at ein person berre er medlem av eitt trudoms- eller livssynssamfunn, at fødselsnummret er oppført i Det sentrale folkeregisteret i tråd med dei krava som er fastsette for tilskotsordninga, og at vedkomande ikkje høyrer til Den norske kyrkja. Krav om fødselsnummer er nødvendig for å avdekkje eventuell dobbelregistrering eller andre feil.

Ved eventuelle feil i innrapporterte medlemsoversikter vil dei trudoms- og livssynssamfunna dette gjeld og Den norske kyrkja få høve til å rette opp medlemsoversiktene.

Forskrift om Den norske kirkes medlemsregister § 5 fastset at medlemsregisteret ikkje skal brukast til den kontrollen offentlege organ utfører etter lov om trudomssamfunn. Forskrifta vil bli endra slik at det vil vere mogeleg å kontrollere om det ligg føre medlemskap både i Den norske kyrkja og i eitt eller fleire trudoms- eller livssynssamfunn.

### 3 Høyring

Forslag til lovendring blei sendt på høyring 26. februar 2003 med høyringsfrist 11. april 2003. Forslaget blei sendt på høyring til desse instansane:

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familidepartementet
- Bergen kommune
- Brønnøysundregistra
- Datatilsynet
- Den norske kyrkja, Kyrkjerådet
- Drammen kommune
- Finansdepartementet
- Forsvarsdepartementet
- Fylkesmennene
- Helsedepartementet
- Human-Etisk Forbund
- Islamsk Råd Norge
- Justisdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Kommunenes sentralforbund
- Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakten
- Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja
- Norges frikirkeråd
- Oslo kommune
- Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
- Senter mot etnisk diskriminering
- Sosialdepartementet
- Statistisk sentralbyrå
- Stavanger kommune
- Utdannings- og forskingsdepartementet
- Utanriksdepartementet
- Alle trudoms- og livssynssamfunn som mottar statleg tilskot.
- 80 av høyringsinstansane har kome med fråsegn.

Dei offentlege høyringsinstansane som har kome med fråsegn, var positive til omlegginga.

Mange trudoms- og livssynssamfunn gav uttrykk for at dei fryktar at omlegginga skal føre til meir arbeid for samfunna, særleg i startfasen. Mange trudoms- og livssynssamfunn peika mellom anna på at Den norske kyrkja har motteke ein særleg auke i si løyving for å etablere medlemsregisteret for Den norske kyrkja.

Vidare kom det fram frykt for å samle slik sensitiv informasjon. Mange trudomssamfunn har medlemmer som har personlege og historiske røynsler med forfølging og undertrykking som følge av livssyn, og dei fryktar for at opplysningane skal bli misbrukte.

I høyringsforslaget la ein opp til at kvart trudoms- og livssynssamfunn skulle bli pålagt å informere sine medlemmer om at fødselsnummer vil bli kontrollert mot andre trudomssamfunn. Det sentrale folkeregister og medlemsregisteret til Den norske kyrkja, og at kvart enkelt medlem skulle bli gitt høve til å reservere seg mot dette. Mange av høyringsinstansane har peika på at Den norske kyrkja ikkje har krav om slikt passivt samtykke frå sine medlemmer for å skaffe fram fødselsnummer, og at det derfor ikkje vil vere rimeleg å krevje dette av trudoms- og livssynssamfunn.

Mange samfunn har vidare peika på at det vil vere nødvendig å ha ein lang overgangsperiode, då det vil ta lang tid å korrigere feil i medlemsoversiktene.

Dei trudomssamfunna som hører til dei nordiske folkekirkjene, peika i sine høyringssvar på at tilskot til desse trudomssamfunna ikkje blir utrekna på bakgrunn av medlemsoversikter. Tilskot til desse trudomssamfunna blir utrekna med utgangspunkt i det statistiske talet på borgarar frå det landet det gjeld og prosentdelen av befolkninga som tilhører folkekirkja i landet.

## 4 Departementets vurdering

For å kunne handtere tilskotsordninga på forsvarleg vis, finn departementet at det er nødvendig å krevje at trudoms- og livssynssamfunna må sende inn oversikter over fødselsnummer for alle medlemmer dei søker om statleg eller kommunalt tilskot for.

Som tidlegare vil det vere mogeleg å vere medlem utan å opplyse om fødselsnummer, men det vil då ikkje bli gitt tilskot for vedkomande. Trudoms- og livssynssamfunn vil ikkje bli pålagt å informere sine medlemmer om at fødselsnummer vil bli kontrollerte mot andre trudomssamfunn. Det sentrale folkeregister og medlemsregisteret til Den norske kyrkja.

Religiøs oppfatning er ei sensitiv personopplysing, jf. lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger § 2 første ledd punkt 8, og behandling av personopplysningar vil skje i samsvar med dei krava som er fastsette av Datatilsynet. Alle oversikter over fødselsnummer for medlemmene skal slettast fysisk når den årlege kontrollen er gjennomført. Kultur- og kyrkjedepartementet legg

til grunn at oversikter med fødselsnummer ikkje vil bli gjort tilgjengelege for Statistisk sentralbyrå.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil i startfasen medverke til å skaffe fram fødselsnummer. Det er likevel kvart enkelt trudoms- og livssynssamfunn som er ansvarleg for å skaffe fram fødselsnummer for dei medlemmene samfunnet søker om støtte for. Løyvinga til medlemsregistret til Den norske kyrkja ligger inne i tilskotsgrunnlaget for trudoms- og livssynssamfunn. Trudoms- og livssynssamfunna skal som følge av omlegginga sende inn fødselsnummer i 2004. Ved eventuelle feil i innrapporterte medlemsoversikter er det nødvendig at dei trudoms- og livssynssamfunna dette gjeld og Den norske kyrkja får tilstrekkeleg tid til å rette opp medlemsoversiktene. Tilskot til trudoms- og livssynssamfunn vil følgjeleg bli utbetalt på grunnlag av fødselsnummer tidlegast frå 2005.

Statleg og kommunalt tilskot til dei trudomssamfunna som hører til dei nordiske folkekirkjene vil, slik det har vore praksis til no, bli rekna ut frå det statistiske talet på borgarar frå det landet det gjeld og prosentdelen av befolkninga som tilhører folkekirkja i det respektive landet.

Omlegginga vil innebere at trudoms- og livssynssamfunna ikkje lenger treng søkje kommunar om tilskot. Det kommunale tilskotet vil etter omlegginga bli utbetalt når kvar kommune har fått oversikt frå Kultur- og kyrkjedepartementet over talet på medlemmer som hører til dei ulike trudoms- og livssynssamfunna i den respektive kommunen. Kommunane vil følgjeleg få ein forenkla administrasjon av tilskotsordninga. Endringa vil også styrke personvernnet, fordi medlemsoversikter ikkje lenger vil bli sende til kommunane.

## 5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Etableringskostnadene er rekna til om lag kr 700 000. Beløpet er eit overslag. Brønnøysundregistra har stipulert årlege driftsutgifter til å utgjere om lag kr 300 000.

Kommunane vil som følge av omlegginga få mindre arbeid med administrasjon av tilskotsordninga. Det vil òg venteleg bli noko mindre administrasjon hos fylkesmennene.

## 6 Merknader til dei einskilde paragrafane

Endringar i lov om trudomssamfunn og ymist anna, ny § 19 b):

Føresegna skal sikre at både registrerte og uregistrerte trudomssamfunn skal sende inn oversikt

Om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn

over fødselsnummer for medlemmer som har krav på tilskot, og organisasjonsnummer for trudomssamfunnet. Pålegget om å gi opplysningar som er nødvendige for å utarbeide offisiell statistikk, gjeld ikkje for desse opplysningane.

Endringar i lov om tilskott til livssynssamfunn, § 5 nytt tredje og fjerde ledd:

Føresegna svarar til føresegna i lov om trudomssamfunn § 19 b).

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn.

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### **til lov om endringar i lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn**

#### I

I lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna skal ny § 19b lyde:

*Departementet kan gjeva føresegner om plikt til å opplysa om fødselsnummer for kvar einskild medlem og organisasjonsnummer for trudomssamfunnet til bruk i saker om tilskot etter første ledd. Desse opplysningane kan jamførast med opplysningar frå Det sentrale folkeregisteret, andre trudoms- og livssynssamfunn og medlemsregisteret til Den norske kyrkja så langt dette er teneleg for å kontrollera at vilkåra for tilskot er oppfylde.*

*Lov 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk Sentralbyrå § 2–2 gjeld ikkje for opplysningar som er gjevne etter føresegner med heimel i første ledet.*

#### II

I lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn skal § 5 nytt tredje og fjerde ledd lyde:

*Departementet kan gjeva føresegner om plikt til å opplysa om fødselsnummer for kvar einskild medlem og organisasjonsnummer for livssynssamfunnet til bruk i saker om tilskot etter første ledd. Desse opplysningane kan jamførast med opplysningar frå Det sentrale folkeregisteret, andre trudoms- og livssynssamfunn og medlemsregisteret til Den norske kyrkja så langt dette er teneleg for å kontrollera at vilkåra for tilskot er oppfylde.*

*Lov 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk Sentralbyrå § 2–2 gjeld ikkje for opplysningar som er gjevne etter føresegner med heimel i tredje ledet.*

#### III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

